


BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr. 3, 2008/2009 Januar, Februar, Mars President Thor Grønmyr



Redaksjonskomité: Rolf Doran, Bjørn Sandnes, Hjørdis Kristine Skaar, Thorleif Marken, Jostein Skjelten, Johan Mork, Ivar Fjørtoft

06.01.2009 – Rekneskap

07/08 - Presentasjon av vårens program

Fødselsdager: *Johnny Alfred Helland 22/12*

President Thor opna møtet og ønskte alle Godt Nyttår og vel møtt til eit nytt Rotaryhalvår.

Fødseldag sidan sist: Jonny Alfred Helland 22.12.08

Harald Gudbrandsen la så fram utkast til program for 2. halvår 2008/2009, slik som han kunne ønske seg det i store trekk. Detaljane i dei enkelte programma er opp til dei respektige komiteane som er utpeika. Med nokre mindre justeringar såg det ut som klubben var godt nøgd med forslaget.

Rune Fjørtoft presenterte deretter noko forseinka rekneskapen for 2007/2008. Etter nokre utfyllande kommentarar frå kasseraren, vart rekneskapen, som viste bra overskot, samråystes godkjent.

Thorleif Marken hadde så eit innlegg der han fabulerte litt over juleevangeliets innleing om å halde manntal over heile verda. Kva dreiv vi med i Norge over 2000 år sidan?

Så refererte han litt han hadde lese i tidsskriftet Heimen om folketeljingar gjennom tidene, spesielt i Norge. Og han var vidare overraska over å lese at folkeregistrering først kom for ca 100 år sidan, og då som prøveordning i Oslo. Etter kvart vart folkeregister innført i fleire og fleire kommunar, særleg i

bykommunar, men det var frivillig. Folkeregister i om lag den form vi kjerner det i dag vart først i 1946 gjort obligatorisk i alle kommunar i heile landet.

Frå først av var folkeregistera ei kommunal sak som var underlagt Statistisk Sentralbyrå. Men på 1960-talet overtok staten ansvaret for likningskontora og folkeregistera, og overordna ansvar vart overført til Skattedirektoratet.

Ref: *Torleif M*

13.01.2009 – Fellesmøte med Bråttvåg Inner Wheel

Fødselsdager:

Arne Tande 7/1

Tove Høistad 13/1

Dette var sammøte med Bråttvåg Inner Wheel, og det var difor IW-president Kari Haugen som ønskte velkommen til møtet som Inner Wheel hadde tatt initiativ til, og stod for regien av, og ikkje minst sytte for god forpleining for dei mange frammøte.

Kari fortalte at med Rotarybevegelsens idealer og prinsipper vart den første IW-klubben starta i Manchester UK 10. januar 1924. Bergen fekk den første klubben i Norge i 1935. I 1967 vart

IW-International etablert. I dag er IW representert i 103 land med ca. 100.000 medlemmer. Norge har 89 klubbar, ca. 2000 medlemmer og 5 distrikt. 10 januar er den internasjonale IW-dagen.

Inner Wheel har ymse sosiale prosjekt, bl.a. støtte til SOS-barnebyar.

ISO -Internasjonal service organisator- Kirsten Haugerud fekk så ordet og fortalte at to fore



dragshaldarar hadde svikta, den siste dagen før. Men Kirsten hadde intervjuet vedkomande jente, som kjem frå Murmansk, bur i Bråttvåg og trivst godt her. Det var imponerende kva Kirsten hadde fått med seg om forholda og livsvilkåra i Murmansk og Nordvest-Russland. Det er mykje arbeidsløyse og fattigdom. Distriket fekk store problem då Sovjet fall saman og mykje av marinebasane vart lagt ned. Distriket ligg langt frå

maktapparatet i Moskva og ber preg av det. Dårleg klima og därlege kommunikasjonar gjer heller ikkje situasjonen betre. Kirsten hadde også innhenta mange tal for å belyse forholda, men det vil føre for langt å gå i detalj om dette.

Thorleif Marken fekk ordet til



kveldens 3-minutt, der han tok opp det store og aukande omfanget av prostatakreft blant middelaldrene og eldre menn. Hans appell var at alle i den aktuelle aldersgruppa må syte for å bli testa snarast og med jamne mellomrom.

Inner Wheel arrangerte også ei lita utloddning og fekk inn i overkant av 3000 kroner, som skal gå til utsmykking av veggar i Omsorgsenteret i Brattvåg.

Det godt besøkte og vellykka fellemøtet vart avslutt av president Thor Grønmyr i Rotary.

Ref: Thorleif M

20.01.2009 – Yrkesforedrag - Ove Finnes

Fødselsdager: Johan Mork 19/1

President Thor opna møtet og kunne fortelje at sidan forrige «bekjentgjørelse» hadde desse hatt dag: Arne Tande 7. januar, Johan Mork 9. januar og Tove Høistad 13. januar.

Thor nemnde så nokre saker som hadde vore drøfta i styremøte tidlegare på kvelden, m.a. ymse dugnadsprosjekt. Vidare sa han at årsfesten vert 14. februar og at påmeldingsliste vil gå rundt.

Dagens hovudpost var ved Ove Petter Finnes som er politioverbetjent ved Haram lensmannskontor.

Ove fortalte at han vart født i 1955 i Ålesund, vaks opp første åra på Giske og seinare på Lerstad. Etter realskule og yrkesskule vart det 15 månader militær førstegongsteneste. Han hadde ikkje hatt tankar om ei framtid i politiet, men mora hadde sett ei annonse etter ekstra politiaspirantar og fekk han til å søkje, og dermed var det gjort. Etter tre vekers kurs på dåverande Bakkegata politistasjon i Oslo, bar det rett ut i patrulje i Oslos gater med alt som det kunne ha på seg. Deretter vart det Politiskolen i 1978-79 og nokre år som politikonstabel i Oslo før han i 1983 kom til Haram som lensmannsbetjent.

Ove gjekk så over til å fortelje litt om lensmannsetatens historie. Lensmenn er første gong omtala under Kong Sverre, og etaten har seinare hatt eit omskiftande tilvære heilt fram til våre dagar. Han nemnde nokre viktige årstal: I 1661 kom amtmennene og dei vart tilsettjingsmynde for lensmennene, i 1660 var det 330 lensmenn i Norge, seinare har dette tale skifta litt, gjerne i takt med kommunedelingar og samanslåingar. På 1800-tale begynte lensmennene å tilsetje lensmannsbetjentar for å hjelpe seg, men desse var privatløna. Heilt fram til 1970-talet var lensmennene sjølve meir eller mindre betalt ved hjelp av sportlar, gebyr og andre uvisse inntekter.

Ca. år 1900 kom politimeisterembeta og futeembeta og nokre andre embete vart nedlagt. Pm fekk då øverste leiinga av politiarbeidet i heile sitt distrikt. Men administrativt stod lensmannskontora under fylkesmannen heilt fram til år 2000 då overtok Pm også dette i

sam- band med den såkalla Politireform I. Då vart også talet på politimeistrar redusert frå 54 til 27, og det skulle kome så mykje meir politi ut i gatene, men dette hadde Ove og mange andre sett mindre til. Dei nyoppredda operasjonssentralane slukte mykje erfarte polifolk. Fram til 1936 hadde politiet i byane unntatt embetsmennene vore kommunalt tilsette og lønna. I 2005 kom Politireform II, noko som for vårt tilfelle førte til at lensmannskontora i Haram, Ørskog og Vestnes vart ei driftseininger med ein driftseiningsleiar, f.t. lensmannen i Ørskog som har det administrative og økonomiske ansvaret, mens lensmennene fortsatt har det operative ansvaret i sine distrikta. Haram har i dag 1 lensmann, 1 overbetjent og 1 betjent samt 1,5 kontorstilling. Dette er dårlegare politibemanning enn det var for 20-30 år sidan.

Ove fortalte så litt om sitt arbeid som for det meste går ut på å vere etterforskningsleiar for det såkalla Nordre distrikt(Haram, Ørskog og Vestnes). Han viste til stor auke i vinngsbrotsverk og også auke i skadeverk, men litt mindre narkotikasaker.

Elles nemnde Ove litt om dei mange arbeidsoppgåvene som eit lensmannen har i tillegg til politioppgåvene: Han er m.a. namsmann, tar i mot dødsfallsmeldingar, styrer skjønn og naturskadetakstar, skriv ut pass og politiattestar til ymse føremål, og mykje meir.

Det var tydeleg at foredraget fenga, for etterpå vart det mange spørsmål å svare på, noko Ove gjorde etter beste evne på ein grei og humoristisk måte.

Ref: Thorleif M

27.01.2009 –

**Arbeidssituasjonen /
Arbeidsinnvandring ved Else
Karin Æsøy / nn**

Fødselsdager:

Rolf Doran 23/1

Leif Sønderland 23/1

Møtet vart opna av president Thor som kunne opplyse om to åremålsdagar, det var Leif 23.01 og Rolf D også 23.01.

Dagens hovudpost var ved Else Karin Æsøy, personalsjef ved STX Norway Offshore, Søviknes verft, som skulle snakke om arbeidsinnvandring. Ho hadde med seg ein ung mann Marius, rumenar frå Tulcea, der STX også har verft.



Æsøy fortalte at inntil 2001 var leigearbeidarane ved verftet stort sett skandinavar, men frå då av vart det brå forandring og det kom etter kvart veldig mange frå Aust-Europa. Verftet har sjølv 165 tilsette, men på det meste har det vore til saman over 900 arbeidarar innom portane dagleg. Ho meinte at den store skipsbygginga i området her hadde vore heilt uråd utan leigearbeidarane. Dei er ikkje tilsett i verftet, men hos ymse andre norske og utanlandske firma som leiger ut arbeidskraft. Verftet er nøgne med at det berre er seriøse firma dei har med å gjere, useriøse firma blir «sparka» tvert.


Æsøy fortalte at allmenngjering av verkstadovereinskomsten frå 01.12.08 har skap store problem for verftsnæringa. Ho meinte at det stort sett ikkje har vore såkalla «sosial dumping», og at dette er eit misbrukt uttrykk. Leigearbeidarane ynskjer å arbeide lange dagar og veker mot å få tilsvarande lange friperiodar, men dette likar ikkje Arbeidstilsynet. Dei nye reglane gjer at verftet ikkje lenger kan utveksle arbeidarar med verfta sine i Romania.

Marius viste seg vere ein svært så sympatisk og humoristisk kar,

**03.02.2009 – Finanskrisen -
Hva har den gjort med oss**

Thor G ønsket velkommen. Ingen bursdager å applaudere for siste uke.

Deretter fikk Endre S ordet for sitt 3-minutts innlegg. Han hadde i likhet med mange andre i sin alder fått mer og mer tanker omkring egen helse. I forbindelse med å ha ledsaget sin mor til sykehus i en av de nyeste ambulansene, hadde han også sett hvordan ny teknologi var tatt i



som har lært seg utruleg godt norsk på kort tid. Men vanskeleg med bokmål, nynorsk og dialekt. Han hadde vore her fleire tremånaders periodar før han våren 2008 henta hit kone og ein liten gut. Den første tida var vanskeleg for kona som sat mykje heime åleine, men no har det ordna seg med guten i barnehage og kona i arbeid på kantina på verftet. Men som sagt språk, og også ver og kultur skaper litt problem for dei som vil etablere seg her frå «varmare land». Og både Æsøy og Marius kunne fortelje om fleire muntre episodar i så måte.

Ref: Thorleif M

bruk. Nå var ambulansen "online" med sykehuset mht å overvåke pasientens tilstand og ambulansepersonellet kunne få direkte råd med eventuelle tiltak som burde iverksettes. Dette hadde vekket interessen hans for

mer kunnskap om feltet – ”sykehus på boks” – ”e-helse” osv. Som eksempel viste han til at selv om antall hjertesykdommer økte, var det nå betydelig færre som døde av samme årsak. Dette pga hjelpemidler som pacemakere, hjertestarter og også nyeste innen online overvåking. Nå var det også mulig å sjekke opp helsetilstanden hjemme i egen stue. Å satse videre på dette, ville ha et stort besparelsespotensial, bare ifm mindre transportbehov til / fra sykehus / legekontroller etc. Enkelte selskap satset nå også stort på nettbaserte helsetiltak – nevnt slik som programmer for røykeslutt, vektredusjon osv

Deretter overtok Bente B med hovedpost som hun hadde kalt ”Finans-uroen og begynnende real-utfordringer”. Bente var nå tilbake i Nordea igjen etter et par år i Rolls-Royce. Høsten 2008 bød på en skikkelig økonomisk nedtur over hele verden. Nedgangen denne gang ga i all hovedsak skylden på ”boligboblen” som først brast i USA. Også enkelte store selskaper’s oppblåste resultater pga høye krav om inntjening var sterkt medvirkende til at denne boblen til slutt måtte briste. Generelt var det altfor mange som over lengre tid hadde forbrukt mer enn de hadde tjent og til dels lånt seg opp til et altfor stort forbruk. I resultat hadde dette endt opp i et verdensomspennde børskrakk, full stopp i investeringer og sterk svekkelse av krona. Og her får dette en ekstra effekt av markedspsykologien ved at alle roper ”krise”. Spekulative investeringer som slår feil, konkurser, lavere handel av kapitalvarer etc etc. Litt symptomatisk er det da at det viser seg at detaljhandelen øker omsetning i samme periode.

Mht veien ut av dette uføret, var det nå om å gjøre å stimulere best mulig til opprettholdelse av

normal aktivitet. Foruten nedsetting av rente som kanskje det viktigste tiltaket, ville også tiltakspakker fra Staten hjelpe på situasjonen. Og for Norges del ville uansett oljeprisen være sterkt førende for situasjonen vår, spesielt kanskje for bedrifter som på et eller annet vis var avhengig av oljerelaterte aktiviteter.

Ellers var det et paradoks at nordmenn generelt iflg Bente var veldig lite langsigtinge i sine økonomiske forhold enn mange andre nasjonaliteter.

Til slutt svarte Bente greit på diverse spørsmål og betraktninger fra de frammøtte.

Ref: Rolf D

10.02.2009 – Møtefri ifm Årsfest

14.02.2009 – Årsfest
Årsfesten ble feiret på Klubbhuset til Brattvåg Idrettslag. Formann Thor G ønsket velkommen og overlot



deretter ordet til klubbmester og kveldens festleder Magne L. Som seg hør og bør sang vi Kongesangen før dagens meny opptok alles interesse. Den besto av kamskjell til forrett, lammestek med fløtesaus som hovedrett og karamellpudding til dessert - og for ikke å glemme med utsøkt vin til. Et uforglemmelig måltid som alle de ca 50 tilstedevarende viste å sette stor pris på. Magne L hadde fått nyss i at Dagrunn D feiret dag på festen og fikk alle med på å synge ”Happy Birthday to Dagrunn”. Etter hovedretten fikk vi besøk av



3 ikke helt "A4"-damemennesker som fikk latteren fram og stemning opp på topp. "Talen for damene" tok Lidvar S seg av på lett og ledig vis og ble umiddelbart fulgt opp av Hillbjørg A på like vis med "Talen for herrene". Før vi reiste

oss fra bordene og gjorde klart for dans og småprat var det Hjørdis F som hadde den takknemlige oppgaven å takke for maten. Alt i alt – en alle tiders Årsfest.

Ref: Rolf D

17.02.2009 – Fritt møte

Fødselsdager:

Trond Arve Skjelten 11/2


Thor G ønsket velkommen. Vi applaudeerte for Trond S som nyss hadde feiret dag og drøste så litt omkring Årsfesten sist fredag. Her var dette også igjen litt rester av edelt slag som ble lagt ut for salg til inntekt for klubbkassa. Deretter litt øvrige klubbsaker og informasjon om Group Study Exchange før Arne V, som innkommende president i klubben, orienterte om sin deltagelse på PETS (President Elected Training Seminar) der han ihht eget utsagn absolutt fikk "sett lyset" og ble godt giret på oppgaven sin og målene som skulle settes for det neste klubbåret Spesielle utfordringer i så måte med hensyn til rekruttering av nye og yngre medlemmer samt øke kvinneandelen.

Rolv R sto for dagens 3-minutt der han tok opp temaet om vi alle sørget for å glede oss nok i hverdagen. Det er dessverre ofte slik for de fleste av oss at det er lettere å finne ting å ergre seg over enn å glede seg over. Og at den enkelte måtte være seg dette bevisst om man skulle klare å snu litt på det og passe på å gi ros framfor ris. Ellers fortalte Rolv R at han var flittig til å besøke andre Rotary-klubber når han var ute på reise anbefalte dette på det varmeste til oss andre.

Ref: Rolf D

24.02.2009 – Tysklandsbrigaden

Thor G ønsket velkommen og tok for seg litt klubbsaker før dagens hovedpost med tema omkring "Tysklandsbrigaden". Rolf D innledet litt omkring bakgrunnen for at Tysklandbrigaden ble



opprettet og ga også noen generelle glimt av en presentasjon han hadde funnet "på nettet" laget av H Brynhildsen med tegninger av Andreas Hauge fra "Livet som soldat" den gang. Vår egen Sigurd L var soldat i den andre kontingeneten som ble sendt til Tyskland og bidro med om fortelle om mange egne minner fra denne tiden.

I 1946 besluttet Stortinget enstemmig at vi skulle holde en brigade på 4-5000 mann i Tyskland fra februar 1947. Avtalen gjaldt opprinnelig for to år, men ble senere forlenget til 1953. Bestod av ca. 5000 mann sammensatt av kontingenter fra hele landet, som etter grunnleggende utdannelse i Norge hadde 6 måneders tjeneste i Tyskland. Operativt og

øvelsesmessig samarbeidet brigaden med den britiske Rhinarmé og ble delvis forsynt av denne. Administrativt lå den under Tysklandskommandoen, som var underlagt Hærens overkommando. Brigaden var først forlagt i Harz, i 1948 ble den flyttet til Schleswig-Holstein. Det var nær 5000 soldater i hver brigade, så totalt gjorde 50 000 unge norske menn sin plikttjeneste i Tyskland.

Enten det var til daglig, i felt eller på permisjon; eneste antrekk var "batteldress". Ingen hadde anledning til å opptre i sivilt

antrekk. Et merke på ermet viste hvilket høyere forband den enkelte soldat tilhørte.

HVORFOR var de der - og HVA gjorde de?

Daværende forsvarsminister, og MILORG sjef under krigen, Jens Christian Hauge har gitt et godt svar på dette, "Siden februar 1947 har en norsk styrke av hæren vært i Tyskland for å delta i okkupasjonen. Men styrken er ikke i Tyskland for å slå tyskerne. De er slått. Den er heller ikke i Tyskland for å ta hevn. Vi bar bitre tap, men vi ønsker ikke å hevne oss. Hva er det så de skal? Vi sier vi skal til Tyskland for å fullbyrde freden"

Vår deltagelse i okkupasjonen av Tyskland var opprinnelig en del av en internasjonal militær forpliktelse i fredens tjeneste, - en forløper for de mange FN - oppdrag Norge senere har deltatt i. De norske soldatene skulle - ved siden av også å drive ordinær, militær utdanning - bidra til å sikre ro og orden lokalt samt å hjelpe det allierte kontrollapparatet med å passe på at våpenstillstandsbedingelsene ble opprettholdt, og at det ikke skjedde eller ble forberedt noe som truet freden. Senere - under den kalde krigen - fikk



Tysklandbrigaden sammen med britiske og danske soldater i oppdrag å møte et eventuelt sovjetrussisk angrep i Schleswig-Holstein.

Ref: Rolf D

03.03.2009 – Pensjonistfest på Haugstad kl.18.00

Fødselsdager:

Paul Arne Dalhaug 25/2

Tysdag vart den årlege pensjonistfesten avvikla på Hautunet. Omlag 40 personar var til stades og hygga seg med rikeleg med god mat. Klubbleiar Magne Lundemo ønskte velkomen til gjestane. I år hadde vi fått dei flinke kulturskuleelevarne Marthe Skår Arntzen på piano og Synnøve Hersvik på klarinett til å underhalde gjestane. Elles venta det ei stor overrasking til både gjestane og hovudpersonen.

President Thor Grønmyr hadde det ærefulle oppdraget å dele ut den prestisjefulle Paul Harris-prisen. Prisen er den høgaste utmerkinga eit lokallag kan dele ut og blir tildelt personar som har gjort eit samfunnsnyttig arbeid utanom det vanlege. I Brattvåg Rotaryklubb er det tidlegare delt ut 12 slike priser.

– Rotary sin Paul Harris Fellow-pris går til ein person som har gjort seg bemerkja både innanfor og utanfor Rotary. Han er aktiv og har meininger om mykje, sa Grønmyr, før han røpa at det var Njål Remmereit som skulle få

prisen, og delte ut sertifikat, medalje og jakkeknapp til ein overraska Njål.

Njål Remmereit er ein engasjert kar, med stor interesse for å utvikle det lokale samfunnet. Spesielt er det dognadsinnsatsen fenomenal.

– Prosjekt som Brattholmen, den nye turstien langs Synnalandsvatnet og oppreinsking i Håvikdemma har Njål vore sentral. Han har vore ein aktiv Rotary-medlem og har hatt dei fleste verva i klubben, sa presidenten under seremonien. Remmereit sjølv var tydleg rørt etter overrekkinga, og ansiktsuttrykket hans sa meir enn tusen ord. Dette hadde han ikkje rekna med. Leiari i pensjonistlaget Olav Dahl takka Brattvåg Rotaryklubb for

den fine festen

Ref: Hjørdis S

10.03.2009 – Reisebrev frå Israel v/Oyvind Haugen

Fødselsdager: Bjørn Sandnes 4/3

Fødselsdagar sidan sist. Paul Arne Dalhaug 25. februar og Bjørn Sandnes 4. mars.

Før hovudprogrammet tok president Thor Grønmyr opp programmet på pensjonistfesten i år. Han hadde fått innspel om at det var for dårlig program og at det måtte vere klarare linjer om kven som hadde ansvar for programmet på festane.

Hjørdis Skaar hadde 3. minutt og tok opp den dårlige skilt-informasjonen om Brattvåg. Informasjonsskiltet som står i Håvikmyrane er utgått på dato.



Meir enn halvparten av informasjonen som står der er feil. Viktige informasjon er feil eller heilt fråverande. Svært mange av bedriftene som står oppført er enten skifta namn eller er lagt ned. Ho meinte skiltet var meir desinformasjon enn informasjon og burde takast ned.

Hovudprogram var: Reisebrev frå Israel ved Øyvind Haugen. Haugen viste eit utval av bilet og fortalte mykje spennande frå landet Israel. Landet har 7,1 million innbyggjarar, 80 % av dei er jødar. Største byen er Tel Aviv med 1,3 millionar innbyggjarar. Haugen fortalte om viktige historiske hendingar, som til dømes då FN anbefalte at Palestina skulle delast i to statar, ein jødisk og ein arabisk, med Jerusalem med internasjonal status i 1947, men dette vart ikkje godtatt av arabarane. Ben Gurion plakamerte staten Israel og gjekk til åtak mot dei arabiske nabolanda dagen etter. Andre hendingar var Seksdagerskrigen i 1967, Camp David avtalen, med fred mellom Egypt og Israel i 1979. Likeins at PLO-leiaren Yasser Arafat oppretta palistins stat i 1988 og anerkjenner Israels rett til å eksistere. Oslo avtalen i 1993.

Han tok oss med på ei reise frå Caesarea til Nasaret, til staden der Bergpreika vart halde og vidare til Kampernaum, Jesus eigen by. Vidare båttur over Genesaretjøen, til ein av dei heilage jødiske byane, men reisefølgje, fleire av dei frå Brattvåg, måtte avlyse turen til Hermonfjella på grunn av skodde. Freda gjekk vidare via Jordanelva, forbi Jeriko til Qumran der Dødehavsrullane vart funne i 1947.

Dei var og på besök på Oljeberget, Getsemahagane og Maria gravkirke. Reisa vart avslutta ved Dødehavet der det var storindustri av salt og lekande kremar, men før det fekk vi sjå bilet frå Betlehem, og frå mange historiske stadar der. Ei

spennande reise i biler, med gode og utfyllande kommentarar frå Øyvind Haugen.

Ref: Hjordis S

17.03.2009 – Nytt frå kommunen

Fødselsdager: *Hillbjørg Austbø 13/3*
Hovudpost: Nytt frå kommunen ved Sigrid Eidsvik

3 minutt ved Lidvar Sunde. Han tok føre seg astrologi. Han tok utgangspunkt i dei djuptgåande endringane det har vore frå 1998 til 2008, og filosoferte over kvar vi er om 10 år.

Sigrid Eidsvik sit i kommunestyret for Høgre. Ho er i si andre periode i formannskapet, og kunne fortelje at utfordringane og oppgåver i kommunen står i kø.

Dei to sakene som har dominert i pressa er IKT i kommunen og Samfjordgårdene.

Sigrid forklarte prosessen i komiteen for plan og utvikling, og tok eit kort tilbakeblikk over saksgangen då dei i sist periode fekk i oppdrag å sjå på bustadbygginga i kommunen, spesielt spenstige, sjønært prosjekt som først og fremst skulle få fleire til å kome hit og bu, spesielt ungdom.

Samfjordgårdane vart i 2007 valt til pilotprosjekt.

Kommune gjekk inn for å gi hjelp med infrastrukturen, men då avtalane skulle godkjennast byrja bråket. Seinare vart det fleire

rundar med påstandar om sakshandsamingsfeil og kontrollutvalet. Siste ordet ikkje sagt, saka er no hos fylkesmannen til lovlegheitskontroll.

I 2008 dukka det opp ei sak om IKT Umo som har IKT-avtale med kommunen. Denne saka vart og sendt til kommunen sitt kontrollutval. - Vi må legge inn meir pengar å få løyst denne saka etterkvart, Eidsvik.
Vedlikehald: Fordeling av Haram sin tiltakspakke frå regjeringa: 1.5 million til Haramsøya ungdomsskule, kr. 800.000 til symjehallen i Brattvåg, rådhuset kr. 500.000 og kyrkjene får 300.000 kroner.

Tomtesituasjonen: I Haram er det 60 ledige tomter som ingen vil ha. Pressområde er Tennfjord, Søvik og Brattvåg. Plan om tre bustadområde. Ho nemnte Kyrkjeskaret på Eidet, men her må bygge undergang før ein byrjar på området. I Eidsvika er det starta regulering. Areal mellom barnehagen og Tennfjord Vest, Synnalandsneset og ei fortetting av Brattvåg. I Storgata er 44 husvære godkjend, med naboprotest frå sørsida. Søvik er reguleringsplanen vedtatt, dei arkeologiske utgravingane i Søvik vil kome på 3.2 million kroner.
Skulestrukturen: Skal gjerast ei utgreiing som skal leggjast fram for kommunestyret i god tid før



budsjettet.

Barnevernet: Store overskridningar. Skal gjerast ei utgreiing om kva som er årsaka. Pleie og omsorgsplanen: Det er vedtatt at det skal vere ein sjukeheim i Brattvåg. Må sjå på sjukeheimen på Vatne om den må renoverast, eller om den er tenleg. Ytre og indre omsorgsdistrikt skal slåast saman.

Barnehage situasjonen: Skal alle ha rett til ein barnehageplass har vi for alt for lite plassar.

Ref: Hjørdis KS

24.03.2009 – Konfliktrådet - Medlemsutvikling

Hovedpost: Konfliktrådet med Bente Bruun. Medlemsverving Ove Finnes.

3 minutt Leif Sønderland.

Leif tok for seg problemstillinga om tips på reiser. Kor mykje skal ein gi, dei forskjellige kulturane reisetips frå forskjellige land. Kva gjer du med tips til dmes på buss, restaurant, guide.

Bente Bruun har vore oppnemnt meklar sidan på 90-talet og tykkjer jobben er inspirerande. Konfliktrådet har til oppgåve å mekle i tvistar som oppstår mellom folk når det gjeld sivile saker og straffesaker. Begge partar må vere samd om at konfliktar kan løysast ved hjelp av mekling. Meklaren sin rolle er nøytral, med teieplikt. Sakene blir ofte oversendt frå politiet.

Det er ein eller to meklarar avhengig av saka.

Mekling har som mål at skadelidde og gjerningsmann kan gjere opp seg i mellom. Personen møter skadelidde og får høve til å gjere opp for seg.

Bruun syntest det var kjekt når dei kunne løyse konfliktar. Den skal vere skrifteleg og underskrivast med tidsfrist.

I 2008 var det 12 saker i Haram. Dei fleste var skadeverk, grovt tuveri, vald, innbrot trugmål og

lekarsskading.

Verving: Ove Finnes meinte det ikkje var så lett å verve nye medlemmar, og stilte spørsmål om kvifor folk ikkje ville melde seg inn i klubben. Han viste til at Tønnfjord Vatne sleit med frammøtet og foreslo at klubbane kunne slåast saman.

Ref: Hjørdis KS

31.03.2009 – Naturvern / Vindmøller / Kraftbehov

Ansvarleg for programmet Rotary Foundation ved Arne Tande. Arne Tande snakka om straum og vindkraft

I normalår er vi sjølvforsynt med kraft, men vind- og vasskraft véravhengig.

Utgangspunktet i 2008 gi konsesjon til 18 vindkraft.

Politiske mål 1 thv i 2010 og klar for utbygging i 2011

Navarsæter vil løyve 6-8 millionar per år til å bygge ut av industrien Det er stor interesse for bygging av vindkraft i Noreg, og ein del kraftselskap, privatpersonar og industribedrifter har alt starta planlegging, Vindmåling og vurderingar av vindkraft går føre seg på om lag 30 lokalitetar langs

norskekysten. I Noreg har vi i dag 15 vindkraftverk, som til saman produserer straum til om lag 50.000 husstandar. Nesten halvparten av produksjonen skjer på Smøla. Vindkraftverk har vi også i Finnmark, Nordland og Trøndelag. Trønderane var tidleg ute med vindkraft og hadde 17 vindmølle i drift i 1986. All vindkraft i Noreg har nærmast stoppa opp på grunn av det lave støttenivået som gis til vindkraft. Styresmaktene må ha ein langsigktig strategi. Det hastar dersom ein skal unngå at investorar går til utlandet der det er betre vilkår for investeringane. Verda treng rein energi, men ilandføringa er ei utfordring, meinte Tande. Det er iallfall ei dårlig løysing å auke straumprisane for å få fart på investeringane.

3-minutt ved Anne Marit Sønderland.

Anne Marit snakka om irriterande reklame, både i postkassene og på TV. Sjølv om ein seier "Nei takk" til reklame, kjem det likevel. Ho sa at det ikkje er lov å avbryte film og kunstnariske uttrykk med reklame.

Ref: Hjørdis KS

